



Hillesvåg Ullvarefabrikk AS
v/Øyvind Myhr
Leknesvegen 259
5915 Hjelmås

Lindås kommune
Næringsfondet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Søknad om stønad til marknadsførings- og profileringstiltak for Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

INNHALD

1. Personalia for ansvarlege i Hillesvåg Ullvarefabrikk AS
2. Skildring av verksemd og prosjekt
3. Økonomisk situasjon, årsrapport og siste års rekneskap
4. Finansieringsplan og kapitalbehov, konkretisering av beløp
5. Framdriftsplan for prosjektet

1. PERSONALIA FOR ANSVARLEGE I HILLESVÅG ULLVAREFABRIKK

Øyvind Myhr, dagleg leiar. Fødselsdato: 19.12.1965
Leknesvegen 261, 5915 Hjelmås. Telefon 900 10 921

Arild Myhr, produksjonssjef. Fødselsdato: 14.06.1967
Leknesvegen 257, 5915 Hjelmås. Telefon 992 26 525

Gunnar Myhr, styreleiar. Fødselsdato: 02.09.1933
Leknesvegen 252, 5915 Hjelmås. Telefon 951 47 066

2. SKILDRING AV VERKSEMD OG PROSJEKT

Hillesvåg Ullvarefabrikk søker om stønad til **marknadsførings- og profileringstiltak** gjennom prosjektet «Fornyning av Merkeidentitet og ny samarbeidslinje».



OM HILLESVÅG ULLVAREFABRIKK

Hillesvåg Ullvarefabrikk vart etablert i 1898 og har i dag 20 tilsette. Det er ei tradisjonsrik familieverksemd som i dag vert driven av fjerde generasjon. Fabrikken produserer handarbeidsgarn og karda ull til toving og er anerkjend for si høge handverksmessige kvalitet. Hillesvåg Ullvarefabrikk er unik fordi den er den einaste tekstilbedrifta i landet som har over 100 år gammalt produksjonsutstyr intakt og i full drift.

Hillesvåg Ullvarefabrikk ÉCONOMUSÉE er medlem av Norsk Kulturarv.

I 2013 ble Hillesvåg Ullvarefabrikk et ÉCONOMUSÉE. Et ÉCONOMUSÉE er eit konsept der ein kombinerer kultur, handverk og turisme for å skapa eit meir bærekraftig økonomisk grunnlag for verksemda, slik at tradisjonelt handverk skal kunne overleve og skapa nye arbeidsplassar.

OM PROSJEKTET «FORNYING AV MERKEIDENTITET OG NY SAMARBEIDSLINJE».

Prosjektet er ein del av Hillesvåg Ullvarefabrikk si målsetning om å vidareutvikle bedrifta for å kunne oppretthalde og skapa fleire arbeidsplassar i kommunen vår. Vi ynskjer å gjennomføre ein total fornying av vår merkevareidentitet – dette for å imøtekomme tydelege endringar i kundeåtfærd og markedet for kjøp/sal av garn og ull.

Dei siste åra har markedet for garn og strikkeprodukt hatt ein eksplosiv vekst, og vi ser at fleire av dei store aktørane på markedet har investert tungt i livsstilsrelaterte initiativ – som magasiner, designersamarbeid og redesign av grafisk identitet.

Hillesvåg Ullvarefabrikk er ein av få garnprodusentar som framleis produserer garn og ull i Norge – med hovudfokus på norsk ull. Vi ynskjer å gjennomføre dette prosjektet for å kunne vere konkurransedyktig med garnleverandørar som ikkje lenger produserer i Norge, og som dermed har produkt som er lågare prisa enn våre produkt.

Vidare ynskjer vi å utvikle eit tettare designsamarbeid med norske designarar for å byggje vår identitet inn mot nye kundegrupper og fleire butikkar nasjonalt og internasjonalt.

For å få til ein slik identitetsheving og for å bli ein sterk og tydeleg aktør ser vi behovet for å hente inn ekstern kompetanse for å hjelpe oss i denne fornyingsprosessen. Vi ynskjer å inngå eit konsulentsamarbeid med menneska bak merkevaren «Ætt» - som vi ynskjer skal hjelpe oss i heile prosessen.

Prosjektet vil ha fleire faser og omfattar konsulentutgifter i Fase 1 – utvikling av ny visuell identitet, Fase 2 – implementering av logosymbol / grafisk identitet (eksisterande flater), Fase 3 – vidareutvikling / nye flater for merkevareidentitet og Fase 3 – vidareutvikling – direkteutgifter. (Vedlegg 1 – Budsjett)



MARKNADEN FOR VERKSEMDA OG PROSJEKTET

Hillesvåg Ullvarefabrikk er ein industribasert og kulturbasert arbeidsplass. Me har i dag sal til produsentar, butikkar, privatpersonar og institusjonar. Me har også samarbeid med husflidslag, skular og høgare utdanningsinstitusjonar.

3. ØKONOMISK SITUASJON, ÅRSRAPPORT OG SISTE ÅRS REKNESKAP

Sjå rekneskap for år 2013 og årsrapport vedlagd.

4. FINANSIERINGSPLAN OG KAPITALBEHOV SAMT KONKRETISERING AV BELØP

Finansieringsplan

BUDSJETT	SUM	FINANSIERINGSPLAN	SUM
Konsulentutgifter – fase 1	Kr 9600	Søknadssum Næringsfondet Lindås Kommune	Kr 100 000
Skissefase – ny grafisk identitet	Kr 55 000		
Fase 2 – implementering av logosymbol/grafisk identitet	Kr 36 400	Støtte fra Innovasjon Norge, omsøkt	Kr 150 000
Fase 3 – videreutvikling/ nye flater for merkevareidentitet	Kr 188 500		
Direkte utgifter – applisering til nye flater	Kr 112 500	Egeninnsats	Kr 152 000
TOTALKOSTNAD PROSJEKTSØKNAD**	Kr 402 000		Kr 402 000



Kapitalbehov

Det vert søkt om kr. 100 000 til investeringar i prosjektet.

Vi håper at Næringsfondet i Lindås kommune kan være ein samarbeidspartner og økonomisk støttespiller for å kunne gjennomføre ein slik omfattande prosess.

5. FRAMDRIFTSPLAN FOR PROSJEKTET

April / Mai 2015 – Fase 1 – utvikling av ny visuell identitet

Mai / Juni / Juli 2015 – Fase 2 – implementering av logosymbol / grafisk identitet (eksisterande flater) og Fase 3 – vidareutvikling / nye flater for merkevareidentitet.

August / September 2015 – Fase 3 – vidareutvikling

Vedlegg:

1. Rekneskap for prosjektet.
2. Rekneskap og årsrapport for 2013
3. Prosjektsøknad – «Fornyning av merkeidentitet og ny samarbeidslinje»

Hjelmås, 13. april 2015

Øyvind Myhr

Hillesvåg Ullvarefabrikk